

Møteprotokoll

Utval: Naus t d a l - G j e n g e d a l v e r n e o m r å d e s t y r e
Møtes tad: Kommunehuset, Naustdal
Dato: 30.01.2013
Tids punkt: 12:30

Følgjande fas te medle m m a r m ø t t e :

Namn	Funksjon	Representerer
Håkon Myrvang	Leder	
Ola Tarjei Kroken	Nestleder	
Oddmund Klakegg	Medlem	
Iris Loftheim	Medlem	
Jorunn Eide Kirketeig	Medlem	

Merknader

Opprinneleg møtedato 23.01.13 vart endra då den kolliderte med eit anna møte for fleire av styremedlemmene.

Frå adminis tras j o n e n m ø t t e :

Namn	Stilling
Rune Holen	SNO-Lokalt
Alf Erik Røyrvik	Verneområdeforvaltar

Unders krift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvalls - saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv - saksnr
ST 1/13	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 2/13	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
ST 3/13	Høyring på endringsforslag på naturmangfaldlova og naturoppsynslova		2013/121
ST 4/13	Delegering av vedtaksmynde		2013/121
ST 5/13	Søknad om tiltaksmidler 2013 - Øvre Naustdal Utmarkslag		2013/137
ST 6/13	Klage frå Fylkesmannen på løyve til utviding av hytte		2012/406
ST 7/13	Klage frå Villreinnemnda på løyve til oppkøyring av skispor med snøskuter		
ST 8/13	Orienteringssaker		
ST 9/13	Eventuelt		

ST 1/13 Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak:

Styret godkjenner innkalling og sakliste

Vedtak

Styret fatta vedtak i tråd med framlegg til vedtak

ST 2/13 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Framlegg til vedtak:

Styret godkjenner protokoll frå førre møte og skriv under protokollen

Vedtak

Styret fatta vedtak i tråd med framlegg til vedtak og godkjente protokoll frå førre møte

Arkivsaksnr: 2013/121-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 10.01.2013

Utvalg	Utvalgs sak	Møte dato
Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde	3/13	30.01.2013

Høring på endringsforslag på naturmangfaldlova og naturoppsynslova

Saksutgreiing – høring på forslag til endringar i naturmangfaldlova og naturoppsynslova

Dokument i saka:

- Høyringsbrev frå Miljøverndepartementet

Bakgrunn

Miljøverndepartementet ynskjer å få gjort nokre mindre endringar i naturmangfaldlova §§ 34, 36, 53, 62 og 77. I tillegg vil MD gjere ei endring i naturoppsynslova sin § 2, slik at Statens naturoppsyn kan kontrollere fritids- og småbåtar.

Vurdering

Det er berre mindre endringar som er foreslått. Endringane går mest på ordlyd og å tilpasse ordlyden i paragrafane til det som er fornuftig og i tråd med forvaltningspraksis. Dei endringane som kan få litt betydning for verneområdestyret, er endring av naturmangfaldlova §§ 34 og 36. Her vert det no presisert at forvaltningsstyresmakta kan legge føringar for inngrep i landskapsvernområde som i seg sjølv ikkje inneber ei endring av landskapspreg, men som i lag med andre inngrep kan gjere det. Altso ei utviding av verneområdestyret si mynde og tilpassing til gjeldande forvaltning.

Verneområdeforvaltaren si innstilling er at styret tek endringane til orientering, og ser ikkje behov for å komme med høyringsfråsegn.

Saksprotokoll i Styret for Nausdal-Gjengedal landskapsvernområde - 30.01.2013

Sak 3/13

Vedtak

Styret fatta vedtak i tråd med framlegg. Verneområdestyret tek høyringsbrevet til orientering.

Arkivsaksnr: 2013/121-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 10.01.2013

Utvalg	Utvalgs sak	Møte dato
Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde	4/13	30.01.2013

Delegering av vedtaksmynde

Dokument i saka:

- o Brev frå Miljøverndepartementet om delegering av mynde

Bakgrunn

Etter at ordninga med lokale forvaltningsstyre og forvaltarar kom til, har det kome tilbagemeldingar til Miljøverndepartementet (MD) frå fleire styre med ynskje om å kunne delegerare mynde til forvaltar i enkelte saker. Dette for å få ei raskare saksgang og meir straumlinja forvaltning, særleg i motorferdselsaker.

No har MD gjort ei endring i vedtektene for nasjonalpark- og verneområdestyre, slik at det vert opna for å kunne delegerare vedtaksmynde til forvaltar i saker som gjelder verneforskriftene sine dispensasjonheimlar om ferdsel. Punkt nr 6 i vedtektene for styra får følgjande tillegg med endringa:

Styret kan gi forvalteren myndighet til å treffe vedtak i alle saker som gjelder søknad om tillatelse etter verneforskriftenes spesifiserte dispensasjonsbestemmelser om ferdsel.

Det er ikke anledning til å delegerare adgangen til å treffe vedtak etter naturmangfoldloven § 48.

Forvalterens vedtak skal treffes i tråd med naturmangfoldloven, verneforskriftene og eventuell forvaltningsplan. Der det ikke foreligger godkjent forvaltningsplan skal styret vurdere om det skal gis særskilte retningslinjer for behandlingen av denne typen saker.

Handsaming i styret

Styret må ta stilling til om det skal delegerast mynde til forvaltaren til å gje dispensasjonar for ferdsel innan verneforskrifta sine reglar. Styret må òg ta stilling til eventuelle retningslinjer for ei slik delegering.

Verneområdeforvaltar vil ikkje kome med noko framlegg til vedtak i denne samanhengen.

Saksprotokoll i Styret for Nausdal-Gjengedal landskapsvernområde - 30.01.2013

Sak 4/13

Vedtak

Verneområdestyret tek brevet frå Miljøverndepartementet til etterretning.

Verneområdestyret vedtok å vente med delegasjon av mynde til forvaltningsplanen er klar, og retningslinjer for desse vedtaka kan gå fram av den. Arbeidsutvalet vil handtere hastesaker fram til forvaltningsplanen er klar.

Arkivsaksnr: 2013/137-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 11.01.2013

Utvalg	Utvalgs sak	Møte dato
Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde	5/13	30.01.2013

Søknad om tiltaks midlar 2013 - Øvre Naustdal Utmarks lag

Dokument i saka:

- Søknad om tiltaksmidlar frå Øvre Naustdal Utmarkslag

Søknaden

Øvre Naustdal Utmarkslag har søkt om støtte frå styret sine tiltaksmidlar til to tiltak i regi av utmarkslaget. Det eine er ferdiggjering av brygga ved Vonavatnet. Totalkostnaden til det tiltaket er på kr 56.250,- og til dette søker utmarkslaget om kr 50.250,-.

Det andre tiltaket er innkjøp av to robåtar. Desse skal brukast til fiskekultiveringsprosjekt, og dessutan skal dei vere tilgjengeleg for ålmenta. Totalkostnaden er kr 24.000,- og utmarkslaget søker om kr 14.000,- frå verneområdestyret til innkjøp av båtane.

Vurdering

Styret har ikkje fått tildelt tiltaksmidlar for 2013 enno. Styret vil ikkje få desse før i mars/april, saman med bestillingsdialogen. Ein har likevel fått signal frå sentralt hald at ein vil få tildelt tiltaksmidlar etter same fordelingsnøkkel som i 2012. I 2012 fekk Naustdal-Gjengedal verneområdestyre 100.000 kr i tiltaksmidlar.

Tiltaksmidlane er statlege investeringsmidlar. Det er eit krav om at midlane skal brukast til tiltak som er med på å sikre eller fremje verneverdiar og verneføremål. Midlane kan ikkje nyttast til tilskot. Dei tiltaka som Øvre Naustdal Utmarkslag har søkt om her, går på investeringar som skal legge til rette for ønska bruk og positiv utvikling av verneområdet.

Vi er heilt i starten av eit år, og det er vanskeleg å ha oversikt over kva tiltak som er kan komme til og kva som er aktuelt å gje støtte til i løpet av året. Ein av tankane bak tildeling av tiltaksmidlane er at styret skal ha midlar tilgjengeleg som kan brukast uavhengig av bestillingsdialogen, dersom det skulle dukke opp «uventa» behov i løpet av året. Det er derfor ikkje ønskeleg å binde opp ein stor del av midlane so tidleg. I alle fall ikkje før ein veit kva tiltak ein får midlar til over bestillingsdialogen.

Eit anna moment er at søkjaren fekk ein ganske stor del av desse midlane i fjor. Det er på ingen måte sånn at det er eit hinder for å få støtte til gode tiltak i år og, men styret bør sjå heilskapleg på bruken av midlar i og rundt verneområdet.

Verneområdeforvaltaren sitt framlegg til vedtak:

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre støttar i denne omgang ikkje søknaden med tiltaksmidlar. Tiltaka vert derimot ført opp på tiltaksplanen og vil komme med i vurderinga seinare i året, når ein får oversikt over kva ein får over bestillingsdialogen.

Saksprotokoll i Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - 30.01.2013

Sak 5/13

Vedtak

Styret fatta vedtak i tråd med framlegg til vedtak.

Arkivsaksnr: 2012/406-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 11.01.2013

Utvalg	Utvalgs sak	Møtedato
Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde	6/13	30.01.2013

Klage frå Fylkesmannen på løyve til utviding av hytte

Dokument i saka:

- Søknad om utviding av hytte – Kjell Arnestad
- Løyve til utviding av hytte
- Klage på løyve til utviding av hytte

Bakgrunn

Kjell Arnestad søkte i oktober om å få utvide hytta si i Langedalen i Gloppen. I styremøte den 28.november gav Naustdal-Gjengedal verneområdestyre søkaren løyve til utviding i tråd med søknaden, på visse vilkår.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har klaga på vedtaket. Fylkesmannen meiner at ei netto utviding på 14,25 m² er større enn kva som er akseptabelt og syner til at søknad om utviding av den same hytta med 16 m² vart avslege av Fylkesmannen og deretter Direktoratet for naturforvaltning i 2010. Vidare meiner Fylkesmannen at ei slik utviding kan skape presedens for framtidige hyttesaker, og at det ikkje bør gjevast løyve til ei slik utviding før retningslinjer for hytter og stølshus er fastsette i godkjend forvaltningsplan.

Vurdering

Saka til Kjell Arnestad har gått i systemet ein del år, utan at ein til no har kome fram til ei løysing som både stettar søkjaren sine behov og ynskjer, og samstundes er innanfor dei rammene som forvaltningsstyresmakta har sett for hytter og utviding av hytter i området. Etter at verneområdestyret vart oppretta og fekk forvaltningsmynde i landskapsvernområdet, har ein frå styret si side vore innstilt på i fellesskap å finne ei løysing som kan aksepterast både av søkjar og forvaltningsstyresmakta.

Den løysinga som no er søkt om vart føreslegen av fylkeskommunen si kulturavdeling, og tanken bak denne løysinga er å foreine søkjaren sine behov med tradisjonell byggeskikk for stølsmiljø. Søkjaren likte forslaget, og utforma ein søknad ut i frå det. Kulturavdelinga til fylkeskommunen hadde ingen merknader til den søknaden. Naustdal-Gjengedal verneområdestyre meiner at vi har funne ei god løysing som tek omsyn til alle partar og interesser, og som er innanfor regelverket. Styret meiner og at prosessen og dialogen som har ført fram til vedtaket har vore god, og i tråd med intensjonen bak den nye ordninga med lokale verneområdestyrer.

Fylkesmannen viser i si klage til tidlegare avslag på søknad om utviding av denne hytta i 2010. Då av slo både Fylkesmannen og Direktoratet for naturforvaltning (DN) ei utviding av hytta med 16 m² i form av eit tilbygg i vinkel. Den løysinga som styret gav løyve til no er vesentleg forskjellig frå den søknaden som vart avslegen i 2010, då det no er snakk om eit tilbygg med ein ekstra bygningskropp i same møneretning som den eksisterande, i staden for tilbygg i vinkel. Denne løysinga vart føreslegen av kulturavdelinga for at tilbygget skulle framstå som ein mindre bygningskropp som heng i hop med den eksisterande, i staden for ein stor bygningskropp. Ei likande løysing er omtala i heftet «Småskala Reiselivsutbygging» som Sogn og Fjordane Fylkeskommune gav ut i 1995.

I 2011 gav DN løyve til utviding av ei hytte på Vona i Naustdal med 17 m², slik at hytta etter utviding vart 52 m² (Ref.nr DN: 2011/15849 ARE-NP-MD). Det vart vist til at denne hytta låg nær Vonagarden (170 m avstand), og at ein derfor kunne legge andre retningslinjer til grunn for areal og utforming. Hytta til Kjell Arnestad ligg 130 m frå ei hytte som vart bygd før området vart verna. Den hytta er på om lag 60 m² og verneområdestyret meiner at ein må ta omsyn til denne hytta. Denne hytta ligg nærmare hytta til Arnestad enn bygningane på Arnestadstøylen (avstand til støylen om lag 150 m).

Fylkesmannen fryktar i si klage at løyvet vil skape presedens. Verneområdestyret meiner at ein i løyvet og saksutgreinga har synt til at dette er eit særskilt tilfelle, og at ein derfor har vore noko meir fleksibel enn ein normalt kan rekne med i byggesaker. Det står klart i saksutgreinga at ein må rekne med andre retningslinjer for nybygg i hyttefeltet som er planlagt ved Arnestadstøylen. Vi syner og til at det å vise til at det er eit særskilt tilfelle som ikkje skal skape presedens, vart gjort i den omtala hyttesaka på Vona i 2011. Og at ein då må kunne gjere det same her.

Verneområdeforvaltaren sitt framlegg til vedtak:

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre opprettheld sitt vedtak om løyve til utviding av hytta til Kjell Arnestad, og sender derfor saka vidare til Miljøverndepartementet for vidare handsaming av saka.

Saksprotokoll i Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - 30.01.2013

Sak 6/13

Vedtak

Styret fatta vedtak i tråd med framlegg til vedtak.

Verneområdestyret opprettheld vedtaket sitt i styremøte nr 7/12, og sender saka vidare til Miljøverndepartementet for klagehandsaming.

ST 7/13 Klage frå Villreinnemnda på løyve til oppkøyring av skispor med snøskuter

Dokument i saka:

- Søknad om oppkøyring av skiløype – Instedalen Skianlegg
- Løyve til oppkøyring av skiløype
- Klage på løyve til oppkøyring av skiløype – Villreinnemnda i Sogn og Fjordane
- Klage på oppkøyring av skiløype – Olav R. Fimland og Marius Ness

*Styreleiaren legg fram saka for styret.
(Forfatta av styreleiar)*

Det har kome inn 2 klager på vedtak i sak 65 / 12
Den eine er frå Villreinnemnda for Sogn og fjordane og den andre ifrå grunneigarane Marius Ness og Olav R. Fimland.

Bakgrunnen for klaga frå Villreinnemnda er i grove trekk :

- Omsynet til reinen er ikkje tilstrekkeleg ivaretatt i vedtaket til verneområdestyret, villreinen nyttar ulike delar av leveområda sine i syklusar. Dersom ein set i gang tiltak som reinen skyr så kjem den ikkje attende.
- Det vert peika på observasjonar av villrein i området kring Langavatnet i nyare tid.
- Det vert satt spørsmålsteikn ved tolkinga av § 48 i Naturmangfaldslova som er nytta som heimel for løyvet.

Bakgrunnen for klaga frå Marius Ness og Olav R. Fimland er i grove trekk :
Marius Ness og Olav R. Fimland meiner at det ikkje er behov for meir løypekøyring i Nes-Vonamarka og at dette er unødig og nyttelaus køyring.
Grunneigarane meiner at skiaktiviteten har gått tilbake dei siste 15-20 åra trass i oppkøyrde løyper og god parkering og at dette kan skyldast god tilrettelegging på Langeland og Blomlia (Førde kommune) og Vassenden (Jølster kommune)

Vurdering :

Formålet med vernet i § 2 er å ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde som er så godt som fritt for tyngre tekniske inngrep, og som har stor variasjon i natur frå lågland og stølsdalar til fjellområde med brear , mange dalar med elver og store og mindre vatn. Det er vidare eit formål å ta vare på kulturlandskapet med dei kulturminna det inneheld. Området skal også kunne nyttast til tradisjonelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.

Villreinen i området er ikkje ein del av formålet til vernet . I verneformålet vert derimot tradisjonelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging nemnd.

Verneområdestyret har vidare ikkje heimla vedtaket i «vesentleg samfunnsmessig verdi» men derimot i det at tiltaket «ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig»

Verneområdestyret tolkar reinobservasjon kring Langavatnet for å vere anten Inste Longevatnet eller Ytste Longevatnet. Dette er områder lenger inne i verneområdet enn omsøkt løypetrase.

I Rapport :Omfang , forvaltning og konsekvenser for villrein av motorisert ferdsel i Hardangervidda Nasjonalpark v/Tiril Wormdal Selboe er problemstillingane villrein / motorisert ferdsel grundig belyst;

Side 27 : Ein undersøkelse av villreinen sin respons på snøskuter i Setesdal-Ryfylke hadde denne konklusjonen : Villrein oppdaget snøskutere på gjennomsnittlig 534 meters avstand. Oppdagelsesavstanden for skigåere er til sammenligning i gjennomsnitt på 370 meter. Frykt og fluktavstand var derimot ikke signifikant forskjellig mellom snøskutere og skigåere. Det at snøskuter oppdages på lengre avstand kan komme av motorstøy og lys fra snøskuterene.

Derimot var total fluktdistanse (756 m for skigåere og 570 m for snøskuter) og total forflyttet distanse (970 m for skigåere og 660 m for snøskuter) lengre for skigåere enn for snøskutere. Dette kan komme av at jakt foregår til fots i Norge , mens det ikke er lov med jakt fra motorkjøretøy. Det er også forbudt å forfølge og plage vilt med motorkjøretøy. På grunn av lengre flukt og forflytningsdistanse er det sannsynligvis et større energitap ved forstyrrelse av skigåere.

Rapporten konkluderer altså med at villreinen vert mindre forstyrra av snøskuter enn av skigåarar.

Villreinnemnda fryktar i si klage at løyvet vil skape presedens og opne for fleire skiløypetrasear på lang sikt. Verneområdestyret vil vise til at oppkøyringa som Naustdal Røde Kors Hjelpekorps har utført er den einaste kjente løypekøyringa som har funne stad i dei siste åra før området vart verna i 2009. (kongelig res. sitt punkt om Naustdal Røde Kors sin aktivitet)

Denne traseen er difor den einaste som det er aktuelt å gje løyve til i verneområdet.

I klaga frå grunneigarane Marius Ness og Olav R Fimland kjem det fram at dei ikkje ynskjer snøskuterkøyring i området . Klagarane er i sin fulle rett til å nekte snøskuterkøyring på sin eigedom . Dette vart utelatt i førre vedtak og vert med dette teke med som eit av vilkåra i Instedalen Skianlegg sitt løyve. (sjå vedtak)

Vedtak :

Verneområdestyret opprettheld sitt vedtak fatta i styremøte nr. 7/12 om å gje løyve til oppkøyring av skiløyper på gitte vilkår med denne tilføyinga :

Løyve frå grunneigar : Løyvehavar må sjølv skaffe seg løyve frå grunneigar til å ferdist på deira eigedom.

Styret meiner at dei to klagene som er komne på vedtaket er av prinsipiell art , der klagarane fryktar presedens og langsiktige verknader av motorferdsel. Styret ser det derfor ikkje som naudsynt å gje løyvet oppsettande verknad medan klagan vert handsama av klageinstansen.

Styret vil derfor ikkje gje det tildelte løyvet oppsettande verknad og løyvet er derfor gyldig medan klagane vert handsama.

Saka vert sendt til Miljøverndepartementet for endeleg avgjerd.

ST 8/13 Orienteringsaker

Jordskiftesak

Grunneigarar og hytteeigarar i Ryssdal på Sandane har gått i gong med ei jordskiftesak for å fordele rettar og plikter i samband med bruk av skogsvegen som går opp til Ryssdalsstøylen. Denne vegen er mykje brukt av ålmenta/turfolk som skal gå til Ryssdalshorn og andre turmål.

Grunneigarane kontakta verneområdeforvaltaren og ba verneområdeforvaltninga vurdere å gå inn som part i saka, for å representere ålmenta. Forvaltaren har vore i kontakt med juristar hjå Fylkesmannen og DN, og forhøyrt seg om dette er aktuelt. I følgje juristane er det ikkje noko i vegen for at forvaltningsstyret kan gå inn som part i saka, men det er ikkje vanleg og ein kan risikere å binde seg opp til ein del plikter for lang tid framover.

Planen var at styret skulle ta stilling til dette no på første møtet i 2013. Men no er jordskiftesaka allereie i gong, og det er derfor for seint å gå inn som part. Forvaltaren vil likevel følgje med på saka, og har signalisert at det kan bli aktuelt for verneområdeforvaltninga å vere med på tilretteleggingstiltak for ålmenta.

Filmprosjekt

Verneområdeforvaltaren har engasjert medialinja på Mo og Jølster vidaregåande skule til å lage informasjonsfilm for landskapsvernområdet. Etter planen skal det lagast ein film på om lag ti minutt med informasjon om verneområde, verneverdiar og bruk av området. Denne skal forhåpentlegvis vere klar i løpet av 2013.01.09. I første omgang har verneområdestyret gått inn med kr 42.500,- til prosjektet.

Støtte til verdiskapingsprogrammet

Verdiskapingsprosjektet som grunneigarar i og rundt verneområdet har starta opp, fekk rett før jul tilsegn på kr 240.000,- i støtte frå Kommunal- og Regionaldepartementet. Prosjektet skal jobbe med næringsutvikling og verdiskaping i samband med landskapsvernområdet og naturen i verneområdet. Verneområdeforvaltaren sit i referansegruppa til dette prosjektet.

Avklaring om snøskuterkøyring i regi av redningstenesta

Norges Røde Kors og Miljøverndepartementet (MD) har jobba med å få felles retningslinjer for redningstenesta si verksemd i verneområder. Særleg gjeld dette kjentmannskøyring og øving som må til for at redningstenesta skal kunne vere operative i verneområda. Det er venta at det skal komme eit brev frå MD no rett etter nyttår, med nye retningslinjer for denne aktiviteten.

Forvaltaren gjorde greie for dei oppsette orienteringssakene. I tillegg informerte forvaltaren om uttak av gran i Vona-området, som no vert gjennomført ved hjelp av bestillingsdialogmidlar frå 2012.

ST 9/13 Eventuelt

- o Retningslinjer og føringar for forvaltaren sin bruk av reiser og deltaking på kurs mm.

Vedtak

Forvalteren vurderer sjølv kva han vil delta på av kurs og anna kompetanseheving, so lenge dette er innanfor budsjettet. Dette bør og skje i samråd med arbeidsgjevar (Fylkesmannen) der det er naturleg.

- o Informasjonsbrosjyre for landskapsvernområdet.

Vedtak

Forvaltaren skal jobbe vidare med dette arbeidet, både med å fylle ei brosjyre med innhald, lay-out og hente inn tilbod på trykking.